



Långesteinen Da
c/o Tore André Sines Lurevegen 665
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/7754 - 23/81472

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
23.10.2023

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 153/1 og GBNR 153/2 Valle

Administrativt vedtak: Saknr: 1114/23

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heime i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging foretaket Långesteinen Da dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 23.10.2028 for gbnr 153/1 og gbnr 153/2 då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket **Långesteinen Da** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 153/1 og gbnr 153/2. Søkjaren eig 17 daa overflatedyrka mark, 61,8 daa fulldyrka mark og 28,3 daa innmarksbeite. Han har starta opp i 2023. Drifta er **12 utegangarar kystgeit** med 3 månader Inneforingsperiode. Gjødselmengde er 5,4 m³. Geitemøkk blanda med tørrhøy og spon blir tatt ut manuelt frå fjøs i periodenjan-mars når geit er inne for kjeing. Dette blir fordelt på stader som trengjer ekstra gjødning. Søkjar brukar ikkje kunstgjødsel.

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE =0)etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/7754»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Långesteinen Da

c/o Tore André Sines
Lurevegen 665

5912 SEIM